
Fra: Harald G. Johnsen <harald.johnsen@ulvik.kommune.no>

Sendt: 11. september 2015 14:29

Til: Postmottak HOD

Emne: Høyring - endring av alkohollova - sal av utvalde produkt over 4,7 volumprosent alkohol direkte frå produsent

-



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Helse- og omsorgsdepartementet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

15/304-3/K2 - U60/1227

Direkte innval:

56 52 70 51

Stad/Dato:

11.09.2015

Høyring - endring av alkohollova - sal av utvalde produkt over 4,7 volumprosent alkohol direkte frå produsent

Heradsstyret - 035/15:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes vedtak:

1. Ulvik heradstyre tilrår endringar i alkohollova §§ 1-7a, 3-1, ny 3-4a og 4-2 i tråd med høyringsnotat 22. juni 2015 frå Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Endringane vil på avgjerande måte kunne bidra til å styrke næringsgrunnlaget for dei verksemdene i Hardangerregionen som baserar seg på lokale produkt og tradisjonar.
3. Ulvik herad rår til at:
 - Salstider vert sett lik saltider for butikksal av alkoholhaldig drikk i den einssilde kommune til forskjell frå dei salstidene som gjeld for det lokale vinmonopolet.
 - Grensa for kor mykje som kan seljast vert sett til 30 000 liter pr. år.
 - Ordninga skal omfatta sal av produkt utanfor EØS-avtalen uavhengig av om produktet er tilsett brennevin eller ikkje.
4. Med dei avgrensingar som ligg i løyvesystemet og det omfanget denne produksjonen/salet vil utgjere av den totale omsetnaden av svakvin, vil endringane i alkohollova ikkje påverka hovudmåla i norsk alkoholpolitikk.
5. Administrasjonen ber om at dept. i sitt vidare arbeid med saka vurderer verknadene av lovframlegget opp mot EØS-reglane i ljøs av hovudmåla i alkoholpolitikken som ligg fast.

Med helsing

Harald G. Johnsen
Helse- og sosialleiar
Sendt som epost – ingen nunderskrift